



**Miljørappport nr. 3 - 2010**

**Supplerande kartlegging av naturtypar  
i Rogaland i 2009.**

**Av Geir Gaarder, John Bjarne Jordal, Helge Fjeldstad og John Inge Johnsen**

**Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavingdelinga**

## MILJØRAPPORT

### FYLKESMANNEN I ROGALAND MILJØVERNAVDELINGA



Postadresse:  
Postboks 0059  
4001 STAVANGER  
Tlf. 51 56 87 00

Kontoradresse:  
Statens Hus  
Lagårdsvegen 78  
4010 STAVANGER

<b>Forfattarar:</b> Geir Gaarder, John Bjarne Jordal, Helge Fjeldstad og John Inge Johnsen	<b>Rapportnr.:</b> 3-2010 Internettversjon, pdf-format
	<b>Dato:</b> 05.05.2010
<b>Prosjektansvarleg</b> Fylkesmannen i Rogaland	<b>Faggruppe:</b>
	<b>Geografisk område:</b> Rogaland
<b>Emneord:</b> Biologisk mangfald, Prioriterte naturtypar, Planter, Kulturlandskap, Sopp, Myr, Mose, Skog, Lav	<b>Sidetal:</b> 161 s.
<b>Finansieringskjelde:</b> Direktoratet for naturforvaltning	<b>Arkiv-nummer:</b>
<b>Samandrag:</b> Det er i 2009 utført supplerande kartlegging av prioriterte naturtypar i Rogaland etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er lagt særleg vekt på registrering av såkalla temperert regnskog. Følgjande kommunar er oppsøkt, tal lokalitetar i parentes: Finnøy (5), Forsand (12), Hjelmeland (35), Sokndal (3), Strand (26), Suldal (3) og Vindafjord (15, vert presentert i ei studentoppgåve ved UMB), pluss ein i Flekkefjord (Vest-Agder). Det er skildra 86 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane myr (1), berg/rasmark (6), kulturlandskap (19), ferskvatn/våtmark (3), og skog (57). 52 lokalitetar fekk verdi A (svært viktig), 31 verdi B (viktig) og 3 verdi C (lokalt viktig). Det er under feltarbeidet gjort 436 funn av 76 nasjonale raudlisteartar, av desse er det 283 funn av lav (35 artar), 55 funn av mosar (6 artar), 24 funn av karplanter (5 artar) og 66 funn av sopp (25 artar), og dessutan 8 funn av 4 fugleartar. 25 av funna er enda ikkje sikkert bestemt. I tillegg vert det omtala ein ny lokalitet for stor praktkrinlav (CR) i Sokndal gjort av Jon Klepsland, Biofokus. Totalt er det under feltarbeidet registrert 267 artar av karplanter, 150 av lav, 163 av mosar og 206 av sopp. Vert fugl lagt til, vert dette over 800 artar. Materialet er presentert i rapportform, som database og kart, og vert tilgjengeleg på <a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a> .	

#### TITTEL:

<b>Miljørapport nr. 3 - 2010</b> <b>Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009.</b>
---

#### Framsdebilete:

*Forsand/Strand: Gåsavatnet og landskapet rundt dette, sett frå lia ovanfor Erlandsdal. Dette er eit noko småkupert terreng med mykje kystfuruskog, i veksling med litt lauvrike skogparti, vatn og små myrer. I nordvendte lier og kløfter er det godt grunnlag for temperert regnskog i dette landskapet. Slik regnskog er typisk for Sunnhordland og deler av Rogaland, og er eit viktig tema i denne rapporten. Foto: Geir Gaarder.*

ISBN 978-82-90914-15-3 EAN: 9788290914153	ISSN 0802-8427
--	----------------

# FØREORD

Det er i 2009 utført supplerande naturtypekartlegging i Rogaland. Arbeidet er utført av Geir Gaarder og Helge Fjeldstad, Miljøfaglig utredning, John Bjarne Jordal (frilans biolog) og John Inge Johnsen frå Fylkesmannen i Rogaland. Oppdragsgjevar har vore Fylkesmannen i Rogaland.

Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dei kartleggingane som er utført tidlegare er ikkje heildekkande og har vekslande kvalitet.

Målet for kartlegginga i 2009 har dels vore å få gjennomført naturtypekartlegging i område der dette vantar, dels å heva kvaliteten på tidlegare utførte naturtypekartleggingar. Ein har lagt særleg vekt på å få fram gode skildringar av eit utval lokalitetar med temperert regnskog. Arbeidet er ein del av ein større gjennomgang der målet er naturtypekartleggingar med ein rimeleg god kvalitet i heile fylket innan 2011. Det er i 2009 særleg prioritert å betra kunnskapsstatusen i Finnøy, Forsand, Hjelmeland og gamle Vindafjord, men også andre kommunar er undersøkte.

Produkta av prosjektet er i tillegg til denne rapporten ein database som kan koplast mot kart. Dette vil bli offentleg tilgjengeleg i Naturbase på Internett.

Audun Steinnes  
Seniorrådgjevar, Fylkesmannen i Rogaland

# INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	<b>3</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>4</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>6</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>11</b>
BAKGRUNN.....	11
FORMÅLET MED RAPPORTEN.....	11
NOKRE OMGREP.....	11
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>13</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	13
ARTSBESTEMMING OG DOKUMENTASJON.....	13
VERDISSETTING OG PRIORITERING.....	13
PRESENTASJON .....	14
<b>FUNN AV RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>15</b>
SOPP.....	15
LAV.....	15
MOSAR .....	15
KARPLANTER .....	15
TABELL-OVERSIKT .....	15
<b>TEMPERERT REGNSKOG I ROGALAND</b> .....	<b>31</b>
KVA ER EIN TEMPERERT REGNSKOG? .....	31
KORLEIS KAN EIN IDENTIFISERA EIN REGNSKOG? .....	31
KVAR FINST TEMPERERT REGNSKOG I ROGALAND?.....	32
TRUGSMÅL MOT TEMPERERTE REGNSKOGAR .....	32
KARTLEGGINGA I 2009 .....	33
<b>LOKALITETS-SKILDRINGAR</b> .....	<b>34</b>
FINNØY.....	34
FORSAND .....	38
HJELMELAND .....	47
SOKNDAL .....	76
STRAND.....	79
SULDAL .....	99
VINDAFJORD .....	101
VEST-AGDER: FLEKKEFJORD.....	102
<b>VURDERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET</b> .....	<b>103</b>
GENERELT .....	103
FINNØY.....	103
FORSAND .....	103
HJELMELAND .....	103
STRAND.....	104
ANDRE KOMMUNAR.....	104
<b>KART</b> .....	<b>105</b>
<b>BILETE</b> .....	<b>116</b>

<b>KJELDER</b> .....	<b>140</b>
SKRIFTLIGE KJELDER .....	140
MUNNLEGE KJELDER .....	142
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>143</b>
PLANTELISTER .....	143
KRYPTOGAMLISTER .....	147
OVERSIKT OVER MILJØRAPPORTAR .....	160
OVERSIKT OVER MILJØNOTAT .....	161

ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep. Edellauvskogar finst og, og aukar variasjonen.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er velutvikla og svært artsrike nordvendte kystberg og blokkmark i mosaikk med ei oseanisk utforming av gammal lauvskog med typiske regnskogsartar. Artsmangfaldet er svært rikt på sørleg-oseaniske artar og omfattar m.a. 14 raudlisteartar (ni funne i 2009), fire av desse i kategori sterkt truga (EN) (raudlista 2006).

Raudlistearten kløftgrimemose har den norske hovudbestanden i denne lokaliteten, spreidd nokså samanhengande over åtte kilometer, og med mengder som ikkje er kjent nokon annan stad. Bestandane av fleire andre sørleg-oseaniske artar er også uvanleg store.

## 42 Årdal gamle kyrkje

<b>Naturbase-nummer:</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LL 399 609
<b>Naturtype:</b>	D13 Parkar og alléar
<b>Utforming:</b>	D1303 Alléar
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.02.1993, J.I. Johnsen (BG), 26.05.2009, GGa, JIJ, ED, & JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	26.05.2009

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 21.03.2010, basert på feltarbeid saman med Geir Gaarder, John Inge Johnsen og Eydis Dalen 26.05.2009. Avgrensinga omfattar heile alléen, ho er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten er ein allé som ligg ved Årdal gamle kyrkje i Årdal. Berggrunnen i området består av plutonsk granitt. Lausmassane består truleg mest av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Det kan vera at grensene mellom vegetasjonsseksjonar bør justerast i dette området.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen parkar og alléar av utforminga alléar. Dei viktigaste treslaga i alléen er platanlønn. Elles førekjem gammal ask ved kyrkja.

*Artsmangfald:* Tidlegare er det funne *Habrodon perpusillus* parkmose (VU) i 1993 (J.I. Johnsen). Av moseartar på trestammene i 2009 kan nemnast *Antitrichia curtispindula* ryemose, *Bryum capillare* skruevrangmose, *Habrodon perpusillus* parkmose (VU), *Homalothecium sericeum* krypsilkemose, *Leucodon sciuroides* ekornmose, *Metzgeria furcata* gulband, *Syntrichia papillosa* ynglehårstjerne, *Zygodon rupestris* trådkjølmose og *Zygodon viridissimus* køllekjølmose. Av lav vart det funne *Normandina pulchella* muslinglav, *Physconia enteroxantha* pulverdogglav og *Thelopsis rubella* (VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er ein planta allé og ligg langs ein lite trafikkert veg.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Alléar med gamle tre førekjem nokså spreidd til sjeldan i regionen (m.a. ved kyrkjer), men er viktige habitat for lav- og moseartar knytt til gamle tre i eit halvope landskap.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein allé med gamle tre og eit arts mangfald som er rikt og m.a. omfattar to raudlisteartar i kategori sårbar (raudlista 2006).

## 43 Årdal: Riskadalsvatnet nordaust

<b>Naturbase-nummer:</b>	BN00008833
<b>Posisjon:</b>	LL 39 61
<b>Naturtype:</b>	F07 gammal lauvskog (10%), F01 Rik edellauvskog (20%), D18 Haustingsskog (60%), B01 Sørvendt berg og rasmark (10%)
<b>Utforming:</b>	F0703 Fuktig kystskog, F0107 Or-askeskog, F0101 Lågurt-eikeskog, F0103 Rikt hasselkratt, D1801 Haustingsskog med edellauvtre, B0103 Rasmark
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Korsmo (1978, befaring 21.07.1978), Norsk lavdatabase, Norsk soppdatabase, 31.07.1969, 16.10.1998 (Ryvarden 1998), 05.06.2009, GGa, HFj & TMS, 28.09.2009, JIJ, OF & JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	28.09.2009

## Områdeskildring

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder i mars 2010, basert på Korsmo (1978) og feltarbeid 05.06.2009 (GGa, Helge Fjeldstad og Trond Magne Storstad), og 28.09.2009 (JBJ, John Inge Johnsen og Ove Førland). Andre kjelder har vore Norsk lavdatabase, Norsk soppdatabase og Ryvarden (1998) Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Lokaliteten har tidlegare vore registrert som ei rik edellauvskog (BN00008833, Riskadalsvatnet) utan nærare skildring, men her er skildringa heilt omarbeida, både i høve til naturtype, grenser og omtale.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt lisode under Måheia på nordaust-sida av Riskadalsvatnet i Årdal. Berggrunnen består av plutonsk granitt. Lausmassane består dels av rasmateriale, og dels av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2). Lokaliteten grensar i vest mot haustingsskog i hevd og granplantefelt, i nord mot bratte berghamrar og i søraust mot meir open beitemark samt granplantefelt og rasmark.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er ein rik edellauvskog med innslag av sørvendt berg og rasmark og utformingane or-askeskog (stadvis i overgang mot varmekjær kjeldelauvskog), lågurt-eikeskog, rikt hasselkratt, kalkrik og/eller sørvendt bergvegg og rasmark. Det er og innslag av alm-lindeskog i øvre deler. Feltskiktet har dels høgstauder, dels bregner og dels litt lågurtvegetasjon. Lundgrønaks er vanleg på lite beita parti. Av tre og buskar kan nemnast ask (vanleg), alm (NT – sparsam), bjørk, eik, hassel, hegg, kristtorn, krossved, lind (sparsam), svartor og villapal.

**Artsmangfald:** Tidlegare funn av raudlisteartar som truleg er gjort innanfor lokaliteten: Norsk lavdatabase, Norsk soppdatabase, besøk 31.07.1969, 16.10.1998 (Ryvarden 1998): *Cetrelia olivetorum* praktlav (VU), *Fuscopannaria ignobilis* skorpefiltlav (VU), *Menegazzia terebrata* hovudskoddelav (VU), *Parmotrema chinense* liten praktkrinslav (VU), *Hyphodermella corrugata* (VU), *Pulcherricium caeruleum* indigobarksopp (NT), *Skeletocutis lenis* (NT) og *Tubulicrinis regificus* (DD). Av planteartar i 2009 kan nemnast m.a. begerhagtorn, bergflette, breiflangre, broddtelg, brunrot, junkerbregne, kransmynte, kratthumleblom, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, mellomtrollurt, myske, olavsskjegg, raggtelg, skjørlok, skogfiol, skogsalat, skogstorr, skogsvinerot, skogsvingel, slakkstorr, småborre, stor myrmaure, stortrollurt (EN – eit par funn), trollurt, vårmarihand og vivendel. Korsmo (1978) nemner og haremat, kratthumleblom, mørkkongslis, storkvein og skjoldberar. Av sopp i 2009 kan nemnast *Clavulinopsis luteoalba* bleiktuppa småkøllesopp, *Corpinellus micaceus* glimmerblekksopp, *Crepidotus mollis* mjuk muslingsopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Inonotus radiatus* orekjuke, *Laccaria amethystina* ametystsopp, *Lactarius pyrogalus* hasselriske, *Pleurotus dryinus* seig østerssopp, *Plicaturopsis crispa* vifterynkesopp og *Typhula phacorrhiza* stor trådkølle. Av lav i 2009 vart det funne *Degelia plumbea* vanleg blåfiltlav, *Flavoparmelia caperata* eikelav (NT), *Fuscopannaria ignobilis* skorpefiltlav (VU) (på ei handfull tre), *Gyalecta truncigena* (VU), prakthinnelav *Leptogium cochleatum* (EN) (eit par funn), *Leptogium cyanescens* blyhinnelav, *Leptogium lichenooides* flishinnelav, irsk hinnelav *Leptogium hibernicum* (EN), *Leptogium saturninum* filthinnelav, *Lobaria pulmonaria* lungenever, *Lobaria virens* kystnever, *Nephroma parile* grynvrøng, *Normandina pulchella* muslinglav, *Ochrolechia alboflavescens*, *Opegrapha vermicellifera* (VU), *Pannaria conoplea* grynfiltilav, kornfiltilav *Parmeliella testacea* (EN) (5-6 tre), *Parmeliella triptophylla* stiftfiltilav, *Parmelina pastillifera* liten lindelav, *Sticta fuliginosa* rund porelav og *Thelopsis rubella* (VU). Det er særleg grunn til å trekka fram førekomsten av den sterkt truga arten kornfiltilav, som her kanskje har kanskje den største bestanden i Noreg. Det er spesielt dei gamle, styva asketrea som er viktige for mange av dei raudlista lavartane. Av mosar kan nemnast *Anomodon viticulosus* kalkraggmose, *Cirriphyllum piliferum* lundveikmose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Homalia trichomanoides* glansmose, *Homalothecium sericeum* krypsilkemose, *Leucodon sciuroides* ekornmose, *Neckera complanata* flatfellmose, *Neckera crispa* krusfellmose, *Porella arboris-vitae* galletteppemose, *Ptoregonium gracile* kveilmose, *Thamnobryum alopecurum* revemose og *Tortella tortuosa* putevrimose. I tillegg vart bøksongar (NT) høyrte syngande og kvitryggspett (NT) trommande våren 2009.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Lokaliteten grensar til beite. Skogen har også vore beita tidlegare, og det har vore hogd ved. Lia har litt planta gran, m.a. eit litt større felt sentralt innanfor lokaliteten. Særleg ask har vore styva, men det vart og sett styva eik. Det finst ein god del grove gamle tre, særleg av ask. Det er totalt sett eit tresifra tal gamle styvingstre innanfor området.

**Framande artar:** Det vart observert platanlønn og gran. Særleg platanlønn, men også gran er i spreiring innanfor området.

**Skjøtsel og omsyn:** Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast. Det er ønskjeleg at styvinga vert teken opp att. Sidan dette er ein svært viktig regnskogslokalitet vil ein og frårå hogst, med unntak av framande treslag som bør fjernast så snart som råd.

*Del av heilskapleg landskap:* Edellaauvskogane her er ein rest av opprinneleg natur i skoglandskapet rundt Årdal, som er eit område med fleire viktige og artsrike lokalitetar. Lokaliteten er og del av ein regional styvingstradisjon som var vanleg tidlegare, men truleg har opphøyr for rundt 50 år sidan, og intakte styvingsområde tek derfor til å bli gradvis sjeldnare.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla edellaauvskog med innslag av haustingsskog, og dessutan betydeleg innslag av gammal lauvskog (temperert regnskog) og sørleg-oseaniske raudlisteartar. Artsmangfaldet er svært rikt og omfattar m.a. rundt 17 raudlisteartar, fleire i høg raudlistekategori (raudlista 2006).

#### **44 Årdal: Riskadalsvatnet nordvest**

<b>Naturbase-nummer:</b>	BN00008834 (endra avgrensing)
<b>Posisjon:</b>	LL 380 620
<b>Naturtype:</b>	D05 Hagemark (60%), D18 Haustingsskog (40%)
<b>Utforming:</b>	D0506 Askehage, D1801 Haustingsskog av edellaavtre
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, treslagskifte, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.09.2009, JIJ & JBJ
<b>Siste feltsjekk:</b>	28.09.2009

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 19.03.2010, basert på feltarbeid saman med John Inge Johnsen 28.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Avgrensinga er endra i høve til tidlegare registrert lokalitet (BN00008834, Riskadalsvatnet), open beitemark er ikkje teke med, og det er inkludert meir areal mot høgda i vest. Lokaliteten vanta og områdeskildring tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei nordaustvendt lise under Heståsen ved Riskadal på nordvest-sida av Riskadalsvatnet i Årdal. Berggrunnen består av plutonsk granitt. Lausmassane består dels av rasmateriale, og dels av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ein mosaikk av hagemark og haustingsskog med mykje styva ask, av utforminga askehage eller haustingsskog med edellaavtre. Feltskiktet er delvis grasdominert som følgje av beitepåverknad. Av tre og buskar kan nemnast ask, hassel, hegg, lind, rogn og svartor.

*Artsmangfald:* Av planteartar kan nemnast m.a. broddtelg, enghumbleblom, junkerbregne, krossknapp, skogfiol og trollurt. Av sopp kan nemnast *Chlorociboria aeruginascens* småspora grønbeger, *Entoloma sericellum* silkeraudskivesopp, *Helvella macropus* lodden begermorkel, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp. Av lav vart det funne *Collema furfuraceum* fløyelsglye, *Collema subflaccidum* stiftglye, *Degelia plumbea* vanleg blåfiltlav, *Hypotrachyna revoluta* orelav, *Leptogium cf. cochleatum* prakthinnelav (EN), *Leptogium lichenoides* flishinnelav, *Leptogium saturninum* filthinnelav, *Lobaria amplissima* sølvnever, *Lobaria pulmonaria* lungenever, *Lobaria virens* kystnever, *Normandina pulchella* muslinglav, *Opegrapha vermicellifera* (VU), *Pannaria conoplea* grynfiltilav, *Pannaria rubiginosa* kystfiltilav, *Parmeliella triptophylla* stiftfiltilav, *Peltigera collina* kystårenever, *Peltigera praetextata* skjelnever, *Pertusaria albescens*, *Sticta fuliginosa* rund porelav, *Sticta limbata* grynyporelav og *Thelopsis rubella* (VU). Det var uvanleg store bestandar av *Thelopsis rubella*. Av mosar kan nemnast *Bazzania trilobata* storstylte, *Homalothecium sericeum* krypsilkemose, *Leucodon sciuroides* ekornmose, *Loeskeobryum brevirostre* kystmose, *Neckera crispa* krusfellmose, *Pterogonium gracile* kveilmose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose og *Zygodon rupestris* trådkjølmose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vert framleis (2009) beita av storfe. Det finst nettinggjerde og steingjerde. Det har vore drive storstila styving av ask, truleg også relativt nyleg.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast. Det er ønskjeleg at styvinga vert teken opp att.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er del av eit regionalt kulturlandskap der styving var vanleg tidlegare, men truleg har opphøyr for rundt 50 år sidan, og intakte styvingsområde tek derfor til å bli gradvis sjeldnare. Styvingstrea er viktige habitat for lav- og moseartar knytt til gamle tre i eit halvope landskap, særleg i denne delen av Ryfylke med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla og intakt askehage og haustingsskog med edellaavtre der styving truleg pågår, og artsamangfaldet er rikt på sørleg-oseaniske artar og omfattar m.a. to raudlisteartar, begge i kategori sårbar (raudlista 2006).

## Naturtyper

Utskriftsdato: 05.01.2026

### Årdal: Riskadalsvatnet nordaust

<b>ID</b>	BN00080477
<b>Naturtype</b>	Gammel boreal lauvskog
<b>Utforming</b>	Fuktig kystskog
<b>Verdi</b>	Svært viktig
<b>Utvalgt naturtype</b>	-
<b>Registreringsdato</b>	28.09.2009
<b>Hevdstatus</b>	-
<b>Forvaltningsplan</b>	Nei
<b>Forvaltningsavtale</b>	Nei
<b>Forvaltningsavtale Inngått</b>	-
<b>Forvaltningsavtale utløper</b>	-
<b>Verdi begrunnelse</b>	Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla edellauvskog med innslag av haustingsskog, og dessutan betydeleg innslag av gammal lauvskog (temperert regnskog) og sørleg-oseaniske raudlisteartar. Artsmangfaldet er svært rikt og omfattar m.a. rundt 17 raudlisteartar, fleire i høg raudlistekategori (raudlista 2006).
<b>Innledning</b>	Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder i mars 2010, basert på Korsmo (1978) og feltarbeid 05.06.2009 (GGa, Helge Fjeldstad og Trond Magne Storstad), og 28.09.2009 (JBJ, John Inge Johnsen og Ove Førland). Andre kjelder har vore Norsk lavdatabase, Norsk soppdatabase og Ryvarden (1998) Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som svært god. Lokaliteten har tidlegare vore registrert som ei rik edellauvskog (BN00008833, Riskadalsvatnet) utan nærare skildring, men her er skildringa heilt omarbeida, både i høve til naturtype, grenser og omtale.
<b>Beliggenhet og naturgrunnlag</b>	Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt lisode under Måheia på nordaustsida av Riskadalsvatnet i Årdal. Berggrunnen består av plutonsk granitt. Lausmassane består dels av rasmateriale, og dels av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Lokaliteten grensar i vest mot haustingsskog i hevd og granplantefelt, i nord mot bratte berghamrar og i søraust mot meir open beitemark samt granplantefelt og rasmark.


<b>Naturtyper og utforminger</b>	Lokaliteten er ein rik edellauvskog med innslag av sørvendt berg og rasmark og utformingane or-askeskog (stadvis i overgang mot varmekjær kjeldelauvskog), lågurt-eieskog, rikt hasselkratt, kalkkrik og/eller sørvendt bergvegg og rasmark. Det er og innslag av almlindeskog i øvre deler. Feltskiktet har dels høgstauder, dels bregner og dels litt lågurtvegetasjon. Lundgrønaks er vanleg på lite beita parti. Av tre og buskar kan nemnast ask (vanleg), alm (NT - sparsam), bjørk, eik, hassel, hegg, kristtorn, krossved, lind (sparsam), svartor og villapal.
<b>Artsmangfold</b>	Tidlegare funn av raudlisteartar som truleg er gjort innanfor lokaliteten: Norsk lavdatabase, Norsk soppdatabase, besøk 31.07.1969, 16.10.1998 (Ryvarden 1998): <i>Cetrelia olivetorum</i> praktlav (VU), <i>Fuscopannaria ignobilis</i> skorpefiltlav (VU), <i>Menegazzia terebrata</i> hovudskoddelav (VU), <i>Parmotrema chinense</i> liten praktkrinslav (VU), <i>Hyphodermella corrugata</i> (VU), <i>Pulcherricium caeruleum</i> indigobarksopp (NT), <i>Skeletocutis lenis</i> (NT) og <i>Tubulicrinis regificus</i> (DD). Av planteartar i 2009 kan nemnast m.a. begerhagtorn, bergflette, breiflangre, broddtelg, brunrot, junkerbregne, kransmynte, kratthumleblom, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, mellomtrollurt, myske, olavsskjegg, raggtelg, skjørlok, skogfiol, skogsalat, skogstorr, skogsvinerot, skogsvingel, slakkstorr, småborre, stor myrmaure, stortrollurt (EN – eit par funn), trollurt, vårmarihand og vivendel. Korsmo (1978) nemner og haremat, kratthumleblom, mørkkongsslys, storkvein og skjoldberar. Av sopp i 2009 kan nemnast <i>Clavulinopsis luteoalba</i> bleiktuppa småkøllesopp, <i>Corpinellus micaceus</i> glimmerblekksopp, <i>Crepidotus mollis</i> mjuk muslingsopp, <i>Hygrocybe conica</i> kjeglevokssopp, <i>Inonotus radiatus</i> orekjuke, <i>Laccaria amethystina</i> ametystsopp, <i>Lactarius pyrogalus</i> hasselriske, <i>Pleurotus dryinus</i> seig østerssopp, <i>Plicaturopsis crispa</i> vifteryncesopp og <i>Typhula phacorrhiza</i> stor trådkølle. Av lav i 2009 vart det funne <i>Degelia plumbea</i> vanleg blåfiltlav, <i>Flavoparmelia caperata</i> eikelav (NT), <i>Fuscopannaria ignobilis</i> skorpefiltlav (VU) (på ei handfull tre), <i>Gyalecta truncigena</i> (VU), prakthinnelav <i>Leptogium cochleatum</i> (EN) (eit par funn), <i>Leptogium cyanescens</i> blyhinnelav, <i>Leptogium lichenoides</i> flishinnelav, irsk hinnelav <i>Leptogium hibernicum</i> (EN), <i>Leptogium saturninum</i> filthinnelav, <i>Lobaria pulmonaria</i> lungenever, <i>Lobaria virens</i> kystnever, <i>Nephroma parile</i> grynvrenge, <i>Normandina pulchella</i> muslinglav, <i>Ochrolechia alboflavescens</i> , <i>Opegrapha vermicellifera</i> (VU), <i>Pannaria conoplea</i> grynfiltilav, kornfiltilav <i>Parmeliella testacea</i> (EN) (5-6 tre), <i>Parmeliella triptophylla</i> stiftfiltilav, <i>Parmelina pastillifera</i> liten lindelav, <i>Sticta fuliginosa</i> rund porelav og <i>Thelopsis rubella</i> (VU). Det er særleg grunn til å trekka fram førekomsten av den sterkt truga arten kornfiltilav, som her kanskje har kanskje den største bestanden i Noreg. Det er spesielt dei gamle, styva asketrea som er viktige for mange av dei raudlista lavartane. Av mosar kan nemnast <i>Anomodon viticulosus</i> kalkraggmose, <i>Cirriphyllum piliferum</i> lundveikmose, <i>Ctenidium molluscum</i> kammose, <i>Homalia trichomanoides</i> glansmose, <i>Homalothecium sericeum</i> krypsilkemose, <i>Leucodon sciuroides</i> ekornmose, <i>Neckera complanata</i> flatfellmose, <i>Neckera crispa</i> krusfellmose, <i>Porella arboris-vitae</i> galleteppemose, <i>Ptoregonium gracile</i> kveilmose, <i>Thamnobryum alopecurum</i> revemose og <i>Tortella</i>

tortuosa putevrimose. I tillegg vart bøkssongar (NT) høyrte syngande og kvitryggspett (NT) trommande våren 2009.

---

<b>Påvirkning</b>	Lokaliteten grensar til beite. Skogen har også vore beita tidlegare, og det har vore hogd ved. Lia har litt planta gran, m.a. eit litt større felt sentralt innanfor lokaliteten. Særleg ask har vore styva, men det vart og sett styva eik. Det finst ein god del grove gamle tre, særleg av ask. Det er totalt sett eit tresifra tal gamle styvingstre innanfor området.
<b>Fremmede arter</b>	Det vart observert platanlønn og gran. Særleg platanlønn, men også gran er i spreiding innanfor området.
<b>Råd om skjøtsel og hensyn</b>	Fysiske inngrep og treslagskifte bør unngåast. Det er ønskeleg at styvinga vert teken opp att. Sidan dette er ein svært viktig regnskogslokalitet vil ein og frårå hogst, med unntak av framande treslag som bør fjernast så snart som råd.
<b>Landskap</b>	Del av heilskapleg landskap: Edellauvskogane her er ein rest av opprinneleg natur i skoglandskapet rundt Årdal, som er eit område med fleire viktige og artsrike lokalitetar. Lokaliteten er og del av ein regional styvingstradisjon som var vanleg tidlegare, men truleg har opphøyrte for rundt 50 år sidan, og intakte styvingsområde tek derfor til å bli gradvis sjeldnare.
<b>Nøyaktighetsklasse</b>	<20 m
<b>Areal fra kartobjekt (daa)</b>	402,9
<b>Kommuner</b>	1133 (Hjelmeland)
<b>Kilder</b>	Gaarder, G. et al. 2010. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009. Miljørapport nr. 1 - 2010. 2010. Norsk lavdatabase 2010. Norsk soppdatabase Ryvarden, L. 1998. [uten tittel - soppundersøkelser i skogreservater mm. i Ryfylke 1998]. Notat, 11 sider. Korsmo, H. 1978. Edellauvskogsinventeringer i Vest-Agder, Rogaland, Sogn-og Fjordane og Møre og Romsdal 1977/1978. Norges Landbrukshøgskole (upubl.).

---



## Vedlegg og dokumenter



43 Årdal: Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland). Frodig edellaavskog der ein bestand av den truga edellaavskogsplanta stortrollurt (EN) vert gjenstand for grundige studiar. Foto: GGa.

Tittel: Årdal Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland)

---



43 Årdal: Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland). Fuktsig med mykje slakkstorr og skogstorr. Varmekjær kjeldelaavskog av denne typen er ein svært sjeldsynt og truga skogstype. Foto: GGa.

Tittel: Årdal Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland) 2

---



43 Årdal: Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland). Oversiktsbilete teke frå strandkanten på sorsida av vatnet. Inntil vatnet her står spreidde svartortre med sjeldsynte lav (truleg grå punktlav m.a.), medan lia opp mot fjellet på austsida av vatnet har ein særskild rik flora av fuktkevrande regnskogslav og mange kravfulle karplanter i feltsjiktet. Dette er eit av dei mest verdifulle skogsmiljøa i Rogaland. Foto: GGa.

Tittel: Årdal Riskadalsvatnet nordaust (Hjelmeland) 3

---